



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Alversund skule
Lindås kommune
Gnr. 137, bnr. 130 m.fl.



Kontaktinformasjon

Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga.....55239185 eksp.
Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga.....55239187 fylkeskonservator

Rapport 46
2009

Kulturhistoriske registreringar i samband med reguleringsplan for ny skule, barnehage, aktivitetsområde og bustadutvikling.

Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Seksjon for kulturminne og museum ved Kultur- og idrettsavdelinga som utfører det kulturminnefaglege arbeidet.

Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det skal gjerast arkeologiske feltregistreringar. Feltarbeidet har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). Feltregistreringane omfattar overflateregistrering, prøvestikking og maskinell flateavdekking avhengig av mellom anna terrengtype, høgd over havet og nærleik til kjende kulturminne. I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av utført arkeologisk feltarbeid. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og skildrer om framlagde planar er i konflikt med kulturminne. I fylgje Kulturminneloven §10 må tiltakshavar bera kostnadene med gransking av automatisk freda kulturminne som nemnd i §§ 8 og 9.

Innhald

| | |
|---|-------|
| 1. Samandrag | s. 4 |
| 2. Bakgrunn | s. 4 |
| 3. Området | s. 4 |
| 4. Tidlegare registreringar og funn i området | s. 8 |
| 5. Målsetjing og metode | s. 9 |
| 6. Den arkeologiske undersøkinga | s. 10 |
| Lokalitet 1 | s. 10 |
| Lokalitet 2 | s. 14 |
| Lokalitet 3 | s. 17 |
| Lokalitet 4 | s. 20 |
| Lokalitet 5 | s. 22 |
| Prøvestikking | s. 25 |
| 7. Nyare tids kulturminne | s. 25 |
| 8. Konklusjon | s. 25 |

Vedlegg

Utskrift frå Riksantikvaren sin database Askeladden
Fotoliste
C14-dateringar

Figurliste

| | |
|--|-------|
| Fig. 1: Planområdet ligg ved Alversund i Lindås kommune, rundt 20 km nord for Bergen sentrum i luftline. | s. 2 |
| Fig. 2: Oversikt over planområdet. Det vart grave 62 sjakter, og funne 5 arkeologiske lokalitetar. Det vart grave to prøvestikk vest i området, begge var utan funn. Av nyare tids kulturminne vart det registrert fire steingardar og tre gardsvegar. | s. 3 |
| Fig. 3: Luftfoto. Planområdet består av jorder i nord og aust, og utmark i sørvest. | s. 4 |
| Fig. 4: Det ligg fleire graskledde jorde søraust for skulen. Alversund kyrkje kan sjåast til høgre i biletet. Biletet er tatt mot nordvest. | s. 5 |
| Fig. 5: Tidlegare funn i nærområdet. (Askeladden. Riksantikvarens kulturminnedatabase). | s. 5 |
| Fig. 6: Bygningane i planområdet som er i sefrak-registeret er her markert med raude små hus. | s. 6 |
| Fig. 7: Sjakt 1, lokalitet 1. Eldstaden/ kokegropa kan sjåast til venstre i biletet. Biletet vart tatt mot sør. | s. 7 |
| Fig. 8: Området som vart skild ut som ein eigen plan, med føremål trafikksikring. | s. 8 |
| Fig. 9: Teikning profil S3, sjakt 1. | s. 9 |
| Fig. 10: Planteikning sjakt 1. | s. 9 |
| Fig. 11: S3, kokegrop, sjakt 1. Biletet vart tatt mot aust. | s. 9 |
| Fig. 12: På lokalitet 1 vart det funne ei kokegrop i sjakt 1. På lokalitet 2 vart det funne tre kokegropar i sjakt 8, og ei kokegrop i sjakt 12. | s. 10 |
| Fig. 13: Sjakt 8 med kokegropar i forgrunnen. Biletet er tatt mot nordaust. | s. 11 |
| Fig. 14: Sjakt 12. Biletet er tatt mot sørvest. | s. 11 |
| Fig. 15 og 16: Planteikningar sjakt 8 og 12, lokalitet 2. | s. 12 |
| Fig. 17: Planteikning, sjakt 56. | s. 13 |
| Fig. 18: Profildeikning, dyrkingslaga i sjakt 56. | s. 13 |
| Fig. 19: Planteikning, sjakt 57. | s. 14 |
| Fig. 20: Sjakt 16, lokalitet 3, med skulen i bakgrunnen. Biletet vart tatt mot nordvest. | s. 14 |
| Fig. 21: Planteikning sjakt 16, lokalitet 3. | s. 15 |
| Fig. 22: S8, kokegrop, sjakt 16. | s. 15 |
| Fig. 23: På lokalitet 3 vart det funne ei kokegrop i sjakt 16. På lokalitet 4 vart det funne ei kokegrop, og ei nedgraving med ukjent funksjon i sjakt 19. | s. 16 |
| Fig. 24: S9, kokegrop. Biletet er tatt mot sør. | s. 17 |
| Fig. 25: Lokalitet 4 sett mot vest. | s. 17 |
| Fig. 26: Planteikning, sjakt 19, lokalitet 4. | s. 18 |
| Fig. 27: Planteikning, S10. nedgraving med ukjent funksjon. | s. 19 |
| Fig. 28: S10. Biletet vart tatt mot sør. | s. 19 |
| Fig. 29: Planteikning sjakt 42, lokalitet 5. | s. 20 |
| Fig. 30: S1, kokegrop, sjakt 42. Biletet er tatt mot nordaust. | s. 20 |
| Fig. 31: Sjaktene som vart grave lengst søraust i planområdet, med lok.5 avmerka. | s. 21 |
| Fig. 32: Steingjerde midt i området. Biletet vart tatt mot søraust. | s. 22 |
| Fig. 33: Steingjerde til venstre i biletet og steingjerde/geil til høgre i biletet. Biletet vart tatt mot søraust. | s. 22 |

1. Samandrag

I samband med oppstart av kommunalt planarbeid på gnr. 137, bnr. 137 mfl., Alversund, Lindås kommune, har Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering med siktemål å kartleggje konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet. Registreringa vart utført i perioden 17.08.09- 28.08.09 av Heidi Joki og Sigrun Wølstad. Samla vart det nytta 150 timar i felt. Etterarbeid og rapportskriving vart utført av Heidi Joki. Gravemaskina vart kjørt av Tomas Håvardstun.

Det vart opna 62 sjakter, og påvist fem nye lokalitetar med til saman 7 kokegroper, førhistoriske dyrkingslag og ein struktur med uviss funksjon (Askeladden id-nr 129675, 129905, 129906, 129907 og 129932). I tillegg vart det grave to prøvestikk, begge utan funn. Av nyare tids kulturminne vart det registrert fire steingardar, og tre gardsvegar.

2. Bakgrunn

Bakgrunnen for undersøkinga er ein kommunal reguleringsplan der ein har tenkt å bygge aktivitetsområde for barn og unge, ny skule med tilhøyrande infrastruktur, barnehage, samt tilrettelegga infrastruktur for bustadutvikling (saksnummer 200901124). Området er på ca. 270 da., og er i gjeldande kommunedelplan vist som framtidig offentlig føremål, område for bustadbygging, næring og LNF (Landbruk, natur og friluftsliv). I brev av 13.06.09 fekk Hordaland fylkeskommune melding om at området som utgjer trafikksikringsdelen av planen var skilt ut som ein eigen reguleringsplan (saksnummer 200905697). Trafikksikringsplanen vart då lagt ut til offentlig høyring, medan reguleringsplanen for Alversund skule/ Alvermarka framleis er i oppstartsfasen. Trafikksikringsplanen går ut på å leggje til rette for etablering av planfri kryssing av Rv. 565 ved Alversund skule. Planen vil også gje rom for andre trafikksikringstiltak i Alversund, utjamning av stigningsforhold i sjølve krysset og eventuelt flytting av busslomme.

Det var ikkje kjent automatisk freda kulturminne innanfor planområda frå før, men området vart vurdert til å ha potensiale for funn sidan det fins ulike typar kulturminne i nærområdet. Det var i tillegg kjend fire bygningar i området frå sefrak-registeret over verneverdige hus frå før år 1900. Med dette som bakgrunn vart det kravd ei arkeologisk undersøking for å oppfylle undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova.

3. Området

Planområdet ligg ved Alversund i Lindås kommune, rundt 20 km nord for Bergen sentrum i luftline (jf. Fig. 1). Planområdet grensar mot eksisterande bustadområde i sør/søraust og i nordvest. I aust følgjer plangrensa Rv. 565, og inkluderer denne, og i sørvest går planområdet like ned til sjøen. I nord grensar området mot parkeringsplassen for Alversund kyrkje og kyrkjelydshuset (jf. Fig. 2).

Området er ganske kupert med fleire parallelle bergryggar og dalsøkk som går i nordvest-søraustleg retning (jf. Fig. 3). Lengst nord i området er alt av areal utbygd med skule, bensinstasjon og fleire vegar. Sør og søraust for skulen består området for det meste av små graskledde jorde, og privatbustadar. Store delar av den midtre og sørvestlege delen av området består av utmark med ganske tett blandingskog, og myrlendte dalsøkk. Lengst i sørvest er det ein bergvegg som med unnatak av enkelte hyller fell bratt ned mot sjøen. I det søraustre hjørnet av planområdet ligg det også nokre jorde ved Riksvegen.




Fig. 1: Planområdet ligg ved Alversund i Lindås kommune, rundt 20 km nord for Bergen sentrum i luftlinje.




Fig. 2: Oversikt over planområdet. Det vart grave 62 sjakter, og funne 5 arkeologiske lokalitetar. Det vart grave to prøvestikk vest i området, begge var utan funn. Av nyare tids kulturminne vart det registrert fire steingardar og tre gardsvegar.



Figur 3: Luftfoto. Planområdet består av jorder i nord og aust, og utmark i sørvest.



Fig. 4: Det ligg fleire graskledde jorde søraust for skulen. Alversund kyrkje kan sjåast til høgre i biletet. Biletet er tatt mot nordvest.

4. Tidlegare registreringar og funn i området

Det var ikkje kjend automatisk freda kulturminne innafor planområdet frå før, men det er fleire ulike kulturminne i nærområdet. Det er funne to lokalitetar frå steinalderen, den eine like nord (Askeladden id. 112119), og den andre like sør for planområdet (Askeladden id. 91323). Mot nord og vest ligg ein gravhaug frå jernalderen (Askeladden id. 15789), og ein bautastein (Askeladden id. 55191). Rett over sundet er det funne ei kvernsteinslast (Askeladden id. 89231). I tillegg har kyrkjestaden i Alversund ei lang historie (Askeladden id. 83775). I middelalderen var Alversund kyrkje truleg ei stavkyrkje. Kyrkja skal ha stått noe vest for den noverande tomte, "meir frempaa og synbertt" (Litleskare 1929: 17). Denne vart rive då ei ny trekyrkje vart bygd i 1629. Denne kyrkja sto i sin tur noko lenger nordvest enn den noverande kyrkja. Den fikk stå nokre år etter at dagens trekyrkje vart bygd i 1879, før den til slutt vart rive (Hoff 2003:10).




Fig. 5: Tidlegare funn i nærområdet. (Askeladden. Riksantikvarens kulturminnedatabase).

Det var i tillegg kjend seks bygningar innafor planområdet frå sefrak-registeret over verneverdige hus frå før år 1900. Dei består av eit bustadhus (SEFRAK id. 12630017008), ein kombinert driftsbygning (SEFRAK id. 12630017009), og ein potetkjellar (SEFRAK id. 12630017010) på gnr. 137, bnr. 690, og eit bustadhus (SEFRAK id. 12630017039), og eit stabbur/ skykkje (SEFRAK id.12630017040) på gnr. 137, bnr. 518. Til slutt er det registrert ein driftsbygning på gnr. 137, bnr. 23 (SEFRAK id. 12630017041).

Med ei slik breidde i funna, både tidsmessig og ut frå kategori, er det tydeleg at Alverstraumen er eit område med lang kontinuitet i busetting og ressursutnytting.




Fig. 6: Bygningane i planområdet som er i sefrak-registeret er her markert med raude små hus.

5. Målsetjing og metode

Registreringa er utført for å avklare om det er konflikt mellom reguleringsplanen og kulturminne som er freda etter kulturminnelova. Slike kulturminne er ofte ikkje synlege i overflata. Ved denne registreringa vart det nytta både manuell prøvestikking, overflaterregistrering og sjaktning med maskin.

Såkalla maskinell flateavdekking går ut på å bruke gravemaskin til å fjerne dyrkingsjorda for å finne spor etter førhistorisk aktivitet i undergrunnen. Slike spor kan til dømes vere stolpehol og veggriller etter huskonstruksjonar, ulike typar nedgravingar som graver, kokegroper eller eldstader, ardspar etter førhistorisk jordbruk eller restar etter kulturlag. Strukturane vil ofte teikne seg som mørke flekkar i undergrunnen. For å skaffe betre grunnlag for å forstå kva type struktur det er tale om, og om det i det heile er tale om verkelege strukturar, vart det nokre gongar grave snitt gjennom dei. Påviste strukturar vart dekkja med vegduk før sjaktene vart lukka att. Relasjonar mellom funnførande og ikkje-funnførande sjakter, samt naturlege grenser i landskapet vart nytta til å rekne seg fram til funnførande område (lokalitetar).

Prøvestikking inneber at ein tek kvadratiske spadestikk (ca. 35-40 cm breie), og vannsaldar den oppgravne jordmassa i såld med 4x4 millimeter maskevidde. Da først og fremst for å finne lokalitetar frå steinalderen. Med bakgrunn i vurderingar basert på topografi, strandlinekurver og bruk av sondebor, vart eigna område for stikking vald ut. Teoretiske strandlinekurver er nyttige og gode indikatorar på kva slags nivå ein kan forventa å finna lokalitetar frå ein viss periode. Ein føresetnad er at ein hadde strandlinebunden aktivitet. Når det gjeld strandlinekurva for gjeldande område kan ein forventa aktivitet i ei sone på opptil 20 moh dei siste 11.000 åra. Men slike strandlinekurver bør ikkje lesast bokstavigleg. Tilhøva kan variera lokalt. Ein må dessutan vere merksam på gode lokaliseringar der umiddelbar nærleik til strandlina ikkje har vore ein viktig faktor.

Overflateregistreringa vart gjort for å se etter kulturminne som hustuffer, steingardar, vegfar, gravhaugar, rydningsrøyser eller andre anlegg.

6. Den arkeologiske undersøkinga

Det vart opna i alt 62 sjakter, og gjort funn i 8 av dei (jf. Fig. 2). Ut frå spreinga viste funna til 5 arkeologiske lokalitetar. Det vart også grave to prøvestikk heilt vest i området, begge var utan funn.

Lokalitet 1

Innafor grensa til trafikksikringsplanen vart det funne ein eldstad eller botnen av ei kokegrop med antatt førhistorisk datering i sjakt 1 på gnr. 137, bnr. 690 (Askeladden ID-nr 129675-1) (jf. Fig. 8, 12). Kokegropa ligg på ei naturleg lita høgde som heller ei aning mot søraust. Lokaliteten er avgrensa i vest og sør av ein mindre bergkant som fell rundt ein høgdemeter ned mot eit våtare område. I nordaust er lokaliteten avgrensa av Rv. 565, og i søraust av den funntomme sjakt 2, som hadde temmeleg våte og omrota massar. Ein trekolprøve frå S3 i sjakt 1 vart send inn til Nasjonallaboratoriet for 14C-datering ved NTNU i Trondheim. Denne fekk dateringa 2130 ± 30 før notid, kalibrert 190-105 f.Kr, som tilsvarar førromersk jernalder.



Fig. 7: Sjakt 1, lokalitet 1. Eldstaden/ kokegropa kan sjåast til venstre i biletet. Biletet vart tatt mot sør.




Fig. 8: Lokaltet 1 Alversund som skravert felt, i delen av området som vart skild ut som eigen plan for trafikksikring.

Funn

I *sjakt 1* vart det funne ei kokegrop (S3) (jf. Fig. 9-11). Matjorda er 20 cm tjukk dei første 3 meterane i nordleg ende av sjakta. Den aukar så gradvis mot 40 cm midt i sjakta. Dei siste 4 meterane er det eit fall frå bergkanten, og matjorda og myrmasane blir til saman opptil 90 cm tjukk.

S3: Kokegrop

Kolbitar og kolmasse. Botn av kokegrop. Sirkulær.

Diameter: 60 cm, Djupe: 3 cm




Fig. 10: Planteikning sjakt 1.




Fig. 9: Teikning profil S3, sjakt 1.



Fig 11: S3, kokegrop, sjakt 1. Biletet vart tatt mot aust.




Fig. 12: Oversiktskart, nordaustre del av planområdet. Dei svarte tala er sjaktnummer. På lokalitet 1 vart det funne ei kokegrop i sjakt 1. På lokalitet 2 vart det funne tre kokegroper i sjakt 8, og ei kokegrop i sjakt 12.

Lokalitet 2

Lokalitet 2 ligg på eit høgdedrag, rundt 25 meter sørvest for lokalitet 1 (jf. Fig. 12). Det vart funne tre kokegroper i sjakt 8, ei kokegrop i sjakt 12, og dyrkingslag i sjakt 12, 56 og 57 (gnr. 137, bnr. 690). Lokaliteten ligg på eit lite høgdedrag som går i nordvest-søraustleg retning, og er avgrensa i nord av dei funntomme sjaktene 5 og 7. Dyrkingslaget finst i sørenden av sjakt 12, 56 og 57, og er avgrensa i sør av dei funntomme sjaktene 9, 11 og 58. Mot vest forsvinn dyrkingslaget i den vestlege delen av sjakt 57. I sør og aust er lokalitet 2 avgrensa av sjakt 55, 59 og 60. Dyrkingsprofilen vart berre dokumentert i sjakt 56. Ein trekolprøve frå lag D i denne dyrkingsprofilen vart send inn til Nasjonallaboratoriet for 14C-datering ved NTNU i Trondheim. Dyrkingslaget fekk dateringa 3515 ± 30 før notid, kalibrert 1885-1765 f.Kr, som tilsvorar overgangen mellom seinneolottikum og eldre bronsealder.

Funn

I **sjakt 8** vart det funne tre kokegroper (S4-6) (jf. Fig. 13, 15). Matjorda varierte mellom 20 og 40 cm.

S4: Kokegrop

Kol og skjørbrent stein. Sirkulær.

Diameter: 60 cm

S5: Kokegrop

Kol og enkelte skjørbrente steinar. Hjarteforma.

Diameter: 80 cm

S6: Kokegrop

Kol og skjørbrent stein. Sirkulær.

Diameter: 65 cm (går inn i sjaktkant)

I **sjakt 12** vart det funne ei kokegrop (S7), og eit 8 cm tjukt dyrkingslag (jf. Fig. 14, 16). Dyrkingslaget var å finne i dei siste 2 meterane lengst vest i sjakta.

Matjorda var 25 cm tjukk i den austlege profilen, mens den var 50 cm i den vestre.

S7: Kokegrop

Kol og skjørbrent stein. Eggforma.

Diameter: 70 cm



Fig. 13: Sjakt 8 med kokegroper i forgrunnen. Biletet er tatt mot nordaust.



Fig. 14: Sjakt 12. Biletet er tatt mot sørvest.





Fig. 15 og 16: Planteikningar sjakt 8 og 12, lokalitet 2.

I *sjakt 56* vart det funne to dyrkingslag i den sørlege enden av sjakta (jf. Fig. 17-18). Det vart tatt ut dateringsprøve frå det nedste dyrkingslaget, lag D.





Fig. 17: Planteikning, sjakt 56.



- A- Torv
 - B- Kollinse, kolbitar
 - C- Gråbrunt dyrkingslag. Spetta med ein del kvit forvitra stein, og nokre lysare torvflekkar.
 - D- Sort, fett, kolhaldig lag. Kolbitar. Dyrking.
 - E- Mørk brunrå masse med mange organiske komponenter. Ikke synlige kullfragmenter. Nedbrote torvhorisont?
 - F- Gulgrønn sandundergrunn.
 - G- Gyldenbrun, fin sandhaldig undergrunn.
 - H- Fjell
-
- 1- Mogleg staurhol
 - 2- Noko uryddig område. Laga flyt over i kvarandre, men det er her dyrkinga begynner.

Fig. 18: Profildeikning, dyrkingslaga i sjakt 56.

I *sjakt 57* vart det funne eit dyrkingslag i den austlege delen av sjakta (jf. Fig. 19) Det haldt ikkje fram i den sørvestlege delen av sjakta, og sjakt 57 fungerer difor som ei avgrensing av dyrkingslaget og lokalitet 2.




Fig. 19: Planteikning, sjakt 57.

Lokalitet 3

På lokalitet 3 vart det funne ei kokegrop i sjakt 16 (gnr. 137, bnr. 23) (jf. Fig. 23). Lokaliteten ligg på eit smalt høgdedrag, og er avgrensa i sørvest og vest av eit ganske djupt søkk. Det er også ein bratt skråning nedover mot nordvest og nord. Mot aust ligg eit mindre, veldig vått søkk, og lokaliteten er her avgrensa av sjakt 61. I sør og søraust er lokaliteten avgrensa av sjakt 15 og 17, som begge besto av berg og våte myrmassar. Sjakt 18, som avgrensar lokaliteten mot nordvest, besto også av torv rett på berg.

Funn

I *sjakt 16* vart det funne ei kokegrop (S8) (jf. Fig. 20-22). Torva var 20-30 cm tjukk i den nordlege delen av sjakta, mens den var 40-50 cm i den sørlege delen. Kokegropa ligg rett på berg rundt 20 cm under toppen av torva.

S8: Kokegrop

Kol og skjørbrent stein. Sirkulær.

Diameter: 50 cm



Fig. 20: Sjakt 16, lokalitet 3, med skulen i bakgrunnen. Biletet vart tatt mot nordvest.




Fig. 21: Planteikning sjakt 16, lokalitet 3.



Fig. 22: S8, kokegrop, sjakt 16.




Fig. 23: Oversiktskart, nordre/nordmidtre del av planområdet. Dei svarte tala er sjaktnummer. På lokalitet 3 vart det funne ei kokegrop i sjakt 16. På lokalitet 4 vart det funne ei kokegrop, og ei nedgraving med ukjent funksjon i sjakt 19.

Lokalitet 4

På lokalitet 4 vart det funne ei kokegrop, og ei nedgraving med ukjent funksjon, begge i sjakt 19 (gnr. 137, bnr. 23) (jf. Fig. 23). Lokaliteten ligg i ei skråning som heller mot nord/nordvest, og området er i dag ganske gjengrodd av lauvtre. Den er avgrensa i nord av dei funntomme sjaktene 52 og 53, og i aust av eit søkk der det har gått ein gardsveg i nyare tid. Mot vest er lokaliteten avgrensa av nok eit søkk, og mot sør av den funntomme sjakt 62. Ein trekolprøve frå S9 i sjakt 19 vart send inn til Nasjonallaboratoriet for 14C-datering ved NTNU i Trondheim. Denne fekk dateringa 2190 ± 30 før notid, kalibrert 355-190 f.Kr, som tilsvarar førromersk jernalder.

Funn

I *sjakt 19* vart det funne ei kokegrop (S9), og ei nedgraving med ukjent funksjon (S 10) (jf. Fig. 24-28). Undergrunnen låg rett under grastorva (10- 15 cm tjukt).

S9: Kokegrop

Kol og skjørbrent stein. Oval.

Mål: 140 x 120 cm

S 10: Nedgraving med ukjent funksjon

Mørk brunsvart humushaldig sand med små kolbitar, og fleire større steinar. Sirkulær.

Diameter: 160 cm




Fig. 24: S9, kokegrop. Biletet er tatt mot sør.



Fig. 25: Lokalitet 4 sett mot vest.




Fig. 26: Planteikning, sjakt 19, lokalitet 4.




Fig. 27: Planteikning, S10. Nedgraving med ukjent funksjon.



Fig. 28: S10. Biletet vart tatt mot sør.

Lokalitet 5

På lokalitet 5 vart det funne to kokegropar i sjakt 42 (gnr. 137, bnr. 7) (jf. Fig. 29). Terrenget heller mot aust. Lokaliteten avgrensast i nord, aust og sør av dei funntomme sjaktene 38, 40, 41 og 43. I vest avgrensast den av ein bratt bergrygg.

Funn

I *sjakt 42* vart det funne to kokegropar (S1-2) (jf. Fig. 30, 31). Matjorda var rundt 20 cm tjukk i den vestlege profilen, mens den var mellom 20 og 50 cm tjukk (aukande mot sør) i den austlege profilen.

S1: Kokegrop

Kol og skjørbrent stein. Sirkulær.

Diameter: 80 cm

S2: Kokegrop/ eldstad

Kolflekk. Oval, men noko ujamn i forma.

Mål: 80 x 70 cm




Fig. 29: På lokalitet 5 vart det funne to kokegrøper i sjakt 42.




Fig. 30: Planteikning sjakt 42, lokalitet 5.



Fig. 31: S1, kokegrop, sjakt 42. Biletet er tatt mot nordaust.

Prøvestikking

Det vart grave to prøvestikk lengst vest i planområdet, begge var utan funn (jf. Fig. 2). Dei vart grave på ei flate/hylle som låg på mellom 15 til 20 moh. Utfør hylla gikk berget rett ned mot havet. Det vart gått over flata og sjekka med jordbor, men det var svært lite soldbar masse å finne. Området var prega av berg, stein, lyng og myr.

7. Nyare tids kulturminne

Av nyare tids kulturminne vart det registrert fire steingardar, og tre gardsvegar (jf. Fig. 2, 32, 33).



Fig. 32: Steingjerde midt i området. Biletet vart tatt mot søraust.



Fig. 33: Steingjerde til venstre i biletet og steingjerde/geil til høgre i biletet. Biletet vart tatt mot søraust.


8. Konklusjon

Det vart opna 62 sjakter, og påvist fem lokalitetar med automatisk freda kulturminne, til saman 7 kokegroper, førhistoriske dyrkingslag og ein struktur med uviss funksjon (Askeladden id-nr 129675, 129905, 129906, 129907 og 129932). Dateringane av strukturane viser at det har vore aktivitet i området attende til yngre steinalder/tidleg bronsealder, og at området framleis var i bruk i eldre jernalder. Planframlegget ligg i konflikt med dei automatisk freda kulturminna. Av nyare tids kulturminne vart det registrert fire steingardar, og tre gardsvegar, som bør takast omsyn til i det vidare arbeidet.

Litteratur

Hoff, Anne Marta (red.), 2003. Av Hans-Emil Lidén og Vidar Trædal. *Norges kirker. Hordaland. Bind 3. Norske minnesmerker.* Norsk Institutt for Kulturminneforskning. Gyldendal, Oslo.

Litleskare, Joh., 1929. *Alversund kyrkja.* Alversund menighetsraad til kyrkja si 50-aars høgtid 27.mai 1929. A/S Lunde Co.s Forlag, Bergen.



Kategori

- ⌘ Arkeologisk minne
- ⌘ Bygning
- ⌘ Kirkested
- ⌘ Teknisk/industriell
- ≡ Uspesifisert

Vernestatus

- Automatisk fredet
- Vedtaksfredet
- Andre
- Uavklart
- Ingen vernestatus

65 m

Copyright: Riksantikvaren. Kartbakgrunn: Statens Kartverk/Ugland IT Group AS



Lokalitet - 129675 - Arkeologisk lokalitet - Kokegroplokalitet - Lok. 1 Alversund

Klassifisering

Kategori: Arkeologisk lokalitet **Art:** Kokegroplokalitet

Stedfesting

Fylke: Hordaland
Kommune: Lindås
Høyde over havet: 45
Museumsdistrikt: Bergen Museum

Eiendomsopplysninger

Eiendom 1

Kommune: Lindås **Eiere:** [STATENS VEGVESEN REGION VEST](#)
[STATENS VEGVESEN](#)
Gnr: 137 **Festenr:** 0
Bnr: 608 **Seksjonsnr:** 0
Bruksnavn: RV.565,ALVER

Eiendom 2

Kommune: Lindås **Eiere:** [SAGSTAD HARALD](#)
[ALVER KJERSTI](#)
Gnr: 137 **Festenr:** 0
Bnr: 690 **Seksjonsnr:** 0
Bruksnavn: ALVER

Geometri

Koordinatsystem: (23) UTM sone 33 (EUREF89/WGS84)
Nord: 6754683.3 **Øst:** -33871.711

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 20.08.2009

Oppretting og ansvar

Registrert

Dato: 20.08.2009 **Ansvarlig etat:** Hordaland fylkeskommune
Utført av: Heidi Joki og Sigrun Wølstad **Instans:**
Registreringstype: Reguleringsplan

Utfyllende opplysninger

Kilder (litteratur m.m.):
Rapport nr 46-2009, Hordaland fylkeskommune

Beskrivelse:

Det vart funne ei kokegrop. Kokegropa ligg på ei naturleg lita høgde som heller ei aning mot søraust. Lokaliteten avgrensast i vest og sør av ein mindre bergkant som fell rundt ein høgdemeter ned mot eit våtare område. I nordaust avgrensast lokaliteten av Rv. 565, og i søraust av sjakt 2, som hadde temmeleg våte og omrota massar.

Tilhørende enkeltminner

1 Kokegrop AUT



Tilstand registrert den 04.11.2009

| | | | |
|-------------------|--------------|---------------------------|-------------------------|
| Tilstand: | Tapt | Registrert dato: | 04.11.2009 |
| Årsak: | Dispensasjon | Registrert av: | Ambjørg Reinsnos |
| Arealbruk: | Vei/jernbane | Utførende instans: | Hordaland fylkeskommune |
| | | Oppdragsgiver: | |

Vernestatus for lokalitet

| | | | |
|---------------------|--------------------------|----------------------|------------|
| Vernetype: | Fjernet (aut. fredet) | Vernedato: | 20.08.2009 |
| Lovgrunnlag: | Kulturminneloven av 1978 | Tinglystdato: | |
| Paragraf: | 8.4 | | |

[Dokument for nedlasting \(RA.pdf\)](#)

Omfang/Merknad:

Lokalitet 1, ALversund vart fjerna av Hordaland fylkeskommune hausten 2009 etter forenkla dispensasjon frå Riksantikvaren.

Enkeltminne - 129675-1 - Arkeologisk enkeltminne - Kokegrop -

Klassifisering

| | | | |
|------------------------------|----------------------------------|-------------|----------|
| Kategori: | Arkeologisk enkeltminne | Art: | Kokegrop |
| Opprinnelig funksjon: | Bolig, bosetning | | |
| Hovedgruppe: | Ikke næringstilknyttet/privat | | |

Status:

Stedfesting

| | |
|-----------------|-----------|
| Fylke: | Hordaland |
| Kommune: | Lindås |

Eiendomsopplysninger

Eiendom 1

| | | | |
|-----------------|--------|--------------------|--|
| Kommune: | Lindås | Eiere: | STATENS VEGVESEN REGION VEST STATENS VEGVESEN |
| Gnr: | 137 | Festenr: | 0 |
| Bnr: | 608 | Seksjonsnr: | 0 |

Eiendom 2

| | | | |
|-----------------|--------|--------------------|---|
| Kommune: | Lindås | Eiere: | SAGSTAD HARALD ALVER KJERSTI |
| Gnr: | 137 | Festenr: | 0 |
| Bnr: | 690 | Seksjonsnr: | 0 |

Geometri

| | | | |
|-------------------------|----------------------------------|-------------|------------|
| Koordinatsystem: | (23) UTM sone 33 (EUREF89/WGS84) | | |
| Nord: | 6754683.3 | Øst: | -33871.711 |

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 12.10.2009

Datering

Datering: Førromersk jernalder **Metode:** Radiologisk (C 14)
Eksakt datering: Kalibrert BC 190-105 **Kvalitet:** Dokumentert

Utfyllende opplysninger

Beskrivelse:
Det vart funne ei kokegrop.

Vernestatus for enkeltminne

Vernetype: Automatisk fredet **Vernedato:** 20.08.2009
Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978 **Tinglystdato:**
Paragraf: 4

[Dokument for nedlasting \(RA.pdf\)](#)

Sikringszone

Beskrivelse: **Sikringszone på:** 5 meter
Vernetype: Automatisk fredet **Vernedato:** 20.08.2009
Lovgrunnlag: KML
Paragraf: 6

Lokalitet - 129905 - Arkeologisk lokalitet - Bosetning-aktivitetsområde - Lok. 2 Alversund

Klassifisering

Kategori: Arkeologisk lokalitet **Art:** Bosetning-aktivitetsområde

Stedfesting

Fylke: Hordaland
Kommune: Lindås
Høyde over havet: 45
Museumsdistrikt: Bergen Museum

Eiendomsopplysninger

Eiendom 1

Kommune: Lindås **Eiere:** [LINDÅS KOMMUNE](#)
Gnr: 137 **Festenr:** 0
Bnr: 130 **Seksjonsnr:** 0
Bruksnavn: "SKULETUFTA" AV ALVER

Eiendom 2

Kommune: Lindås **Eiere:** [SAGSTAD HARALD](#)
[ALVER KJERSTI](#)
Gnr: 137 **Festenr:** 0
Bnr: 690 **Seksjonsnr:** 0
Bruksnavn: ALVER

Geometri

Koordinatsystem: (23) UTM sone 33 (EUREF89/WGS84)
Nord: 6754655 **Øst:** -33900.928

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 01.10.2009

Oppretting og ansvar

Registrert

Dato: 20.08.2009 **Ansvarlig etat:** Hordaland fylkeskommune
Utført av: Heidi joki og Sigrun Wølstad **Instans:**
Registreringstype: Reguleringsplan

Utfyllende opplysninger

Kilder (litteratur m.m.):

Rapport nr. 46-2009, Hordaland fylkeskommune

Beskrivelse:

Det vart funne tre kokegroper i sjakt 8, ein kokegrop i sjakt 12, og eit dyrkingslag i sjakt 12, 56 og 57. Lokaliteten ligg på eit lite høgdedrag som går i nordvest-søraustleg retning, og avgrensast i nord av dei funntomme sjaktene 5 og 7. Dyrkingslaget finnes i sørenden av sjakt 12, 56 og 57, og avgrensast i sør av dei funntomme sjaktene 9, 11 og 58. Mot vest forsvinner dyrkingslaget i den vestlege delen av sjakt 57. I sør og aust avgrensast lokaliteten av sjakt 55, 59 og 60.

Tilhørende enkeltminner

 1 Kokegrop AUT

 2 Dyrkingsflate AUT

Tilstand registrert den

| | |
|-------------------|---------------------------|
| Tilstand: | Registrert dato: |
| Årsak: | Registrert av: |
| Arealbruk: | Utførende instans: |
| | Oppdragsgiver: |

Vernestatus for lokalitet

| | |
|--|------------------------------|
| Vernetype: Automatisk fredet | Vernedato: 01.10.2009 |
| Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978 | Tinglystdato: |
| Paragraf: 4 | |

Sikringszone

| | |
|-------------------------------------|---------------------------------|
| Beskrivelse: | Sikringszone på: 5 meter |
| Vernetype: Automatisk fredet | Vernedato: |
| Lovgrunnlag: KML | |
| Paragraf: 6 | |

Enkeltminne - 129905-1 - Arkeologisk enkeltminne - Kokegrop - Klassifisering

| | |
|---|----------------------|
| Kategori: Arkeologisk enkeltminne | Art: Kokegrop |
| Opprinnelig funksjon: Bolig, bosetning | |
| Hovedgruppe: Ikke næringstilknyttet/privat | |
| Status: | |

Stedfesting

| |
|-------------------------|
| Fylke: Hordaland |
| Kommune: Lindås |

Eiendomsopplysninger

Eiendom 1

| | |
|------------------------|---|
| Kommune: Lindås | Eiere: LINDÅS KOMMUNE |
| Gnr: 137 | Festenr: 0 |
| Bnr: 130 | Seksjonsnr: 0 |

Eiendom 2

| | |
|------------------------|--|
| Kommune: Lindås | Eiere: SAGSTAD HARALD ALVER KJERSTI |
| Gnr: 137 | Festenr: 0 |
| Bnr: 690 | Seksjonsnr: 0 |

Geometri

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 01.10.2009

Datering

Datering: Førreformatorisk tid Metode:
Eksakt datering: Kvalitet:

Utfyllende opplysninger

Beskrivelse:

Det vart funne tre kokegroper i sjakt 8 lengst søraust på lokaliteten, og ei i sjakt 12, midt i lokaliteten.

Vernestatus for enkeltminne

Vernetype: Automatisk fredet Vernedato: 01.10.2009
Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978 Tinglystdato:
Paragraf: 4

Sikringsone

Beskrivelse: Sikringsone på: 5 meter
Vernetype: Automatisk fredet Vernedato: 01.10.2009
Lovgrunnlag: KML
Paragraf: 6

Enkeltminne - 129905-2 - Arkeologisk enkeltminne - Dyrkingsflate - Klassifisering

Kategori: Arkeologisk enkeltminne Art: Dyrkingsflate
Opprinnelig funksjon: Landbruk
Hovedgruppe: Primærnæringer
Status:

Stedfesting

Fylke: Hordaland
Kommune: Lindås

Eiendomsopplysninger

Eiendom 1

Kommune: Lindås Eiere:
[LINDÅS KOMMUNE](#)
Gnr: 137 Festenr: 0
Bnr: 130 Seksjonsnr: 0

Eiendom 2

Kommune: Lindås Eiere:
[SAGSTAD HARALD](#)
[ALVER KJERSTI](#)
Gnr: 137 Festenr: 0
Bnr: 690 Seksjonsnr: 0

Geometri

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 01.10.2009

Datering

Datering: Senneolitikum - bronsealder **Metode:** Radiologisk (C 14)

Eksakt datering: Kalibrert BC 1885-1765 **Kvalitet:** Dokumentert

Utfyllende opplysninger

Beskrivelse:
Dyrkingslaget lag D i sjakt 56 vart datert.

Tilstand registrert den

| | |
|-------------------|---------------------------|
| Tilstand: | Registrert dato: |
| Årsak: | Registrert av: |
| Arealbruk: | Utførende instans: |
| | Oppdragsgiver: |

Vernestatus for enkeltminne

| | |
|--|------------------------------|
| Vernetype: Automatisk fredet | Vernedato: 01.10.2009 |
| Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978 | Tinglystdato: |
| Paragraf: 4 | |

Sikringssone

| | |
|-------------------------------------|---------------------------------|
| Beskrivelse: | Sikringssone på: 5 meter |
| Vernetype: Automatisk fredet | Vernedato: 01.10.2009 |
| Lovgrunnlag: KML | |
| Paragraf: 6 | |

Lokalitet - 129906 - Arkeologisk lokalitet - Bosetning-aktivitetsområde - Lok. 3 Alversund

Klassifisering

Kategori: Arkeologisk lokalitet **Art:** Bosetning-aktivitetsområde

Stedfesting

Fylke: Hordaland
Kommune: Lindås
Høyde over havet: 45
Museumsdistrikt: Bergen Museum

Eiendomsopplysninger

Kommune: Lindås
Gnr: 137 **Festenr:** 0
Bnr: 23 **Seksjonsnr:** 0

Geometri

Koordinatsystem: (23) UTM sone 33 (EUREF89/WGS84)

Nord: 6754593.45 **Øst:** -33934.397

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 20.08.2009

Oppretting og ansvar

Registrert

Dato: 20.08.2009 **Ansvarlig etat:** Hordaland fylkeskommune

Utført av: Heidi Joki og Sigrun Wølstad **Instans:**

Registreringstype: Reguleringsplan

Utfyllende opplysninger

Kilder (litteratur m.m.):

Rapport nr. 46-2009, Hordaland fylkeskommune

Beskrivelse:

Det vart funne ei kokegrop. Lokaliteten ligg på eit smalt høgdedrag, og avgrensast i sørvest og vest av eit ganske dypt søkk. Det er også ein bratt skråning nedover mot nordvest og nord. Mot aust ligg eit mindre, veldig vått søkk. I sør og søraust avgrensast lokaliteten av sjakt 15 og 17, som begge besto av berg og våte myrmassar. Sjakt 18, som avgrensar lokaliteten mot nordvest, besto også av torv rett på berg.

Tilhørende enkeltminner

 1 Kokegrop AUT

Tilstand registrert den 20.08.2009

Tilstand: **Registrert dato:** 20.08.2009
Årsak: **Registrert av:** Heidi Joki og Sigrun Wølstad
Arealbruk: **Utførende instans:** Hordaland fylkeskommune
Oppdragsgiver:

Vernestatus for lokalitet

Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978
Paragraf: 4

Vernedato: 20.08.2009
Tinglystdato:

Sikringszone

Beskrivelse:
Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: KML
Paragraf: 6

Sikringszone på: 5 meter
Vernedato: 20.08.2009

Enkeltminne - 129906-1 - Arkeologisk enkeltminne - Kokegrop - Klassifisering

Kategori: Arkeologisk enkeltminne
Opprinnelig funksjon: Bolig, bosetning
Hovedgruppe: Ikke næringstilknyttet/
privat

Art: Kokegrop

Status:

Stedfesting

Fylke: Hordaland
Kommune: Lindås

Eiendomsopplysninger

Kommune: Lindås
Gnr: 137
Bnr: 23

Festenr: 0
Seksjonsnr: 0

Datering

Datering: Førreformatorisk tid
Eksakt datering:

Metode:
Kvalitet:

Utfyllende opplysninger

Beskrivelse:
Ei kokegrop rett på berg.

Tilstand registrert den

Tilstand:
Årsak:
Arealbruk:

Registrert dato:
Registrert av:
Utførende instans:
Oppdragsgiver:

Vernestatus for enkeltminne

Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978
Paragraf: 4

Vernedato: 20.08.2009
Tinglystdato:

Sikringszone

Beskrivelse:

Vernetype: Automatisk fredet

Lovgrunnlag: KML

Paragraf: 6

Sikringszone på:

5 meter

Vernedato:

20.08.2009

Lokalitet - 129907 - Arkeologisk lokalitet - Bosetning-aktivitetsområde - Lok. 4 Alversund

Klassifisering

Kategori: Arkeologisk lokalitet **Art:** Bosetning-aktivitetsområde

Stedfesting

Fylke: Hordaland
Kommune: Lindås
Høyde over havet: 45
Museumsdistrikt: Bergen Museum

Eiendomsopplysninger

Eiendom 1

Kommune: Lindås **Eiere:** [LINDÅS KOMMUNE](#)
Gnr: 137 **Festenr:** 0
Bnr: 130 **Seksjonsnr:** 0
Bruksnavn: "SKULETUFTA" AV ALVER

Eiendom 2

Kommune: Lindås **Eiere:** [HANSEN KNUT INGE](#)
[FOSSE SHAMA SYLVIA](#)
Gnr: 137 **Festenr:** 0
Bnr: 75 **Seksjonsnr:** 0
Bruksnavn: "SOLTUN" AV ALVER

Eiendom 3

Kommune: Lindås **Eiere:** [HVIDSTEN HENRY](#)
[KVAMME AUDUN](#)
[KVAMME OLAV MAGNE](#)
[HVIDSTEN TERJE](#)
[NESSE KARI KVAMME](#)
[BREISTEIN INGER](#)
[HVIDSTEN REIDAR GEORG](#)
[HVIDSTEN GEIR JARLE](#)
[FOSSE ASTRID MATHILDE](#)
[HVIDSTEN BJARTE](#)
[NESHEIM JORUNN](#)
[KVAMME GUNNAR](#)
Gnr: 137 **Festenr:** 0
Bnr: 23 **Seksjonsnr:** 0
Bruksnavn: "MYREN" AV ALVER

Geometri

Koordinatsystem: (23) UTM sone 33 (EUREF89/WGS84)
Nord: 6754588.75 **Øst:** -33957.699

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 20.08.2009

Oppretting og ansvar

Registrert

Dato: 20.08.2009 **Ansvarlig etat:** Hordaland fylkeskommune

Utført av: Heidi Joki og Sigrun Wølstad
Instans:

Registreringstype: Reguleringsplan

Utfyllende opplysninger

Kilder (litteratur m.m.):

Rapport nr. 46-2009, Hordaland fylkeskommune

Beskrivelse:

På lokalitet 4 vart det funne ei kokegrop, og ei nedgraving med ukjent funksjon, begge i sjakt 19. Lokaliteten ligg i ei skråning som heller mot nordnordvest, og området er i dag ganske gjengrodd av lauvtre. Den avgrensast i nord av dei funntomme sjaktene 52 og 53, og i aust av eit søkk der det har gått ein gardsveg i nyare tid. Mot vest avgrensast lokaliteten av nok eit søkk, og mot sør ligg eit myrprega område.

Tilhørende enkeltminner

 1 Kokegrop AUT

Tilstand registrert den 20.08.2009

| | | |
|-------------------|---------------------------|------------------------------|
| Tilstand: | Registrert dato: | 20.08.2009 |
| Årsak: | Registrert av: | Heidi Joki og Sigrun Wølstad |
| Arealbruk: | Utførende instans: | Hordaland fylkeskommune |
| | Oppdragsgiver: | |

Vernestatus for lokalitet

| | | | |
|---------------------|--------------------------|----------------------|------------|
| Vernetype: | Automatisk fredet | Vernedato: | 20.08.2009 |
| Lovgrunnlag: | Kulturminneloven av 1978 | Tinglystdato: | |
| Paragraf: | 4 | | |

Sikringssone

| | | | |
|---------------------|-------------------------|-------------------|------------|
| Beskrivelse: | Sikringssone på: | 5 meter | |
| Vernetype: | Automatisk fredet | Vernedato: | 20.08.2009 |
| Lovgrunnlag: | KML | | |
| Paragraf: | 6 | | |

Enkeltminne - 129907-1 - Arkeologisk enkeltminne - Kokegrop - Klassifisering

| | | | |
|------------------------------|-----------------------------------|-------------|----------|
| Kategori: | Arkeologisk enkeltminne | Art: | Kokegrop |
| Opprinnelig funksjon: | Bolig, bosetning | | |
| Hovedgruppe: | Ikke næringsstilknyttet/privat | | |
| Status: | | | |

Stedfesting

| | |
|-----------------|-----------|
| Fylke: | Hordaland |
| Kommune: | Lindås |

Eiendomsopplysninger

Eiendom 1

Kommune: Lindås
Gnr: 137
Bnr: 130
Eiere: [LINDÅS KOMMUNE](#)
Festenr: 0
Seksjonsnr: 0

Eiendom 2

Kommune: Lindås
Gnr: 137
Bnr: 75
Eiere: [HANSEN KNUT INGE](#)
[FOSSE SHAMA SYLVIA](#)
Festenr: 0
Seksjonsnr: 0

Eiendom 3

Kommune: Lindås
Gnr: 137
Bnr: 23
Eiere: [HVIDSTEN HENRY](#)
[KVAMME AUDUN](#)
[KVAMME OLAV MAGNE](#)
[HVIDSTEN TERJE](#)
[NESSE KARI KVAMME](#)
[BREISTEIN INGER](#)
[HVIDSTEN REIDAR GEORG](#)
[HVIDSTEN GEIR JARLE](#)
[FOSSE ASTRID MATHILDE](#)
[HVIDSTEN BJARTE](#)
[NESHEIM JORUNN](#)
[KVAMME GUNNAR](#)
Festenr: 0
Seksjonsnr: 0

Geometri**Metadata på digital stedfesting:**

Geometri datert: 01.10.2009

Datering

Datering: Førromersk jernalder
Eksakt datering: Kalibrert BC 355-190
Metode: Radiologisk (C 14)
Kvalitet: Dokumentert

Utfyllende opplysninger

Beskrivelse:
 Det vart funne ei kokegrop, og ei nedgraving med ukjent funksjon.

Tilstand registrert den

Tilstand:
Årsak:
Arealbruk:
Registrert dato:
Registrert av:
Utførende instans:
Oppdragsgiver:

Vernestatus for enkeltminne

Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978
Paragraf: 4
Vernedato: 20.08.2009
Tinglystdato:

| | | | |
|---------------------|-------------------|-------------------------|------------|
| Beskrivelse: | | Sikringszone på: | 5 meter |
| Vernetype: | Automatisk fredet | Vernedato: | 20.08.2009 |
| Lovgrunnlag: | KML | | |
| Paragraf: | 6 | | |

Lokalitet - 129932 - Arkeologisk lokalitet - Bosetning-aktivitetsområde - Lok. 5 Alversund

Klassifisering

Kategori: Arkeologisk lokalitet **Art:** Bosetning-aktivitetsområde

Stedfesting

Fylke: Hordaland
Kommune: Lindås
Høyde over havet: 70
Museumsdistrikt: Bergen Museum

Eiendomsopplysninger

Kommune: Lindås
Gnr: 137 **Festenr:** 0
Bnr: 7 **Seksjonsnr:** 0

Geometri

Koordinatsystem: (23) UTM sone 33 (EUREF89/WGS84)

Nord: 6754184.2 **Øst:** -33644.189

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 20.08.2009

Oppretting og ansvar

Registrert

Dato: 20.08.2009 **Ansvarlig etat:** Hordaland fylkeskommune

Utført av: Heidi Joki og Sigrun Wølstad **Instans:**

Registreringstype: Reguleringsplan

Utfyllende opplysninger

Kilder (litteratur m.m.):

Rapport nr. 46-2009, Hordaland fylkeskommune

Beskrivelse:

Terrengget heller mot aust. Lokaliteten avgrensast i nord, aust og sør av funntomme sjakter. I vest avgrensast den av ein bratt bergrygg. Det vart funne to kokegroper.

Tilhørende enkeltminner

 1 Kokegrop AUT

Tilstand registrert den 20.08.2009

Tilstand: **Registrert dato:** 20.08.2009
Årsak: **Registrert av:** Heidi Joki og Sigrun Wølstad
Arealbruk: **Utførende instans:** Hordaland fylkeskommune
Oppdragsgiver:

Vernestatus for lokalitet

Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978
Paragraf: 4

Vernedato: 20.08.2009
Tinglystdato:

Sikringssone

Beskrivelse:
Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: KML
Paragraf: 6

Sikringssone på: 5 meter
Vernedato: 20.08.2009

Enkeltminne - 129932-1 - Arkeologisk enkeltminne - Kokegrop - Klassifisering

Kategori: Arkeologisk enkeltminne
Opprinnelig funksjon: Bolig, bosetning
Hovedgruppe: Ikke næringstilknyttet/
 privat

Art: Kokegrop

Status:

Stedfesting

Fylke: Hordaland
Kommune: Lindås

Eiendomsopplysninger

Kommune: Lindås
Gnr: 137
Bnr: 7

Festenr: 0
Seksjonsnr: 0

Geometri

Metadata på digital stedfesting:

Geometri datert: 05.10.2009

Datering

Datering: Bronsealder - jernalder
Eksakt datering:

Metode: Typologisk
Kvalitet: Sannsynlig

Utfyllende opplysninger

Beskrivelse:
 Det vart funne to kokegroper i same sjakt.

Tilstand registrert den

Tilstand:
Årsak:
Arealbruk:

Registrert dato:
Registrert av:
Utførende instans:
Oppdragsgiver:

Vernestatus for enkeltminne

Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978
Paragraf: 4

Vernedato: 20.08.2009
Tinglystdato:

Sikringszone

Beskrivelse:
Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: KML
Paragraf: 6

Sikringszone på: 5 meter
Vernedato: 20.08.2009



LABORATORIET FOR RADIOLOGISK DATERING

Adr.: NTNU – Gløshaugen, Sem Sælandsv. 5, 7491 Trondheim
Telefon 73593310 Telefax 73593383

DATERINGSRAPPORT

Oppdragsgiver: Reinsnos, Ambjørng
Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

DF-4174

| Lab. ref. | Oppdragsgivers ref. | Materiale | Datert del | ^{14}C alder før nåtid | Kalibrert alder | $\delta^{13}\text{C}$ ‰ |
|-----------|---|-------------------------------|------------|---------------------------------|-----------------|-------------------------|
| TRa-103 | S3, SJAKT 1, Alversund Lindås, Hordaland | Trekull Bjørk, hassel | | 2130 ± 30 | BC190-105 | -26.5 |
| TRa-104 | S9, SJAKT 19, Alversund Lindås, Hordaland | Trekull Bjørk hegg/rogn | | 2190 ± 30 | BC355-190 | -26.0 |
| TRa-105 | Lag D, SJAKT 56 Alversund, Lindås Hordaland | Trekull Bjørk, hassel | | 3515 ± 30 | BC1885-1765 | -25.9 |

Dato: 22 JAN 2010

Laboratoriet for Radiologisk Datering


Sølvi Stene


Steinar Gulliksen